

Julehelsing 2019

*Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i han,
var liv, og livet var ljuset for menneska. – Joh 1,3–4*

I desse tider vert heimane og kyrkjene våre fylte med julesymbola på livet og ljuset: scener frå juleevangeliet, stjernene, dei grøne trea og små stearinljøs. Men vi finn dei òg i gatene, på torga og stundom på stader kor vi ikkje hadde venta å finne dei. Dei kan formidle meining og glede som til og med overstig kommersialiseringa av desse symbola i jula.

Denne jula vil eg rette blikket mot ei side av inkarnasjonsdogmet vi ikkje snakkar om så ofte, men som har vorte stadig viktigare for oss alle. I Johannesevangeliet vert Jesu fødsel skildra som Skaparen si omsut for verda. Gjennom han vart vi til. Slik stadfestar Skrifta Gud sin kjærleik for verda, for heile verda. Denne kjærleiken vert formidla gjennom Gud sitt nærvære i menneskeliva våre. Jesus er livet og ljuset til alle og for alle. Jesus som Skaparordet er nær oss, blant oss, ein av oss. Han er her for oss og vår frelse.

Vi lyt tenkje, kjenne og feire korleis julebodskapen er relevant for vår personlege relasjon med Gud. Men evangeliet gir oss samstundes eit breiare perspektiv: Julebodskapen hjelper oss med å sjå alle ting og alle folk som Gud har skapt, som uttrykk for Gud si vilje og Gud sin kjærleik.

Den heilage familien er eit teikn på heile menneskefamilien, omgitt av dyr og alt som Gud har skapt gjennom Ordet.

Ljuset og livet i verda, som vi feirar i jula, er endå meir naudsynlege i ei verd som er truga av våre menneskelege handlingar og av skort på omsut for denne jorda, vår felles heim. Julebodskapen er til alle og handlar om alle.

Lekamleggjeringa – då Gud vart kjøt, menneske og ein del av den skapte verda – er det agelege julemysteriet. Dette mysteriet retter merksemda vår mot korleis Gud ikkje berre elsker menneska, men heile skaparverket som vi menneske høyrer til.

Dei flotte og glødande symbola på ljuset og livet er ikkje berre der for å gi oss glede og fred. Dei gir oss samstundes ei ny forståing av heile skapinga. Gjennom denne deler vi trua vår, håpet vårt og kjærleiken vår.

Med tanke på framtida til verda vår er meininga med jula ein bodskap til oss alle: Kristi kjærleik rører oss til å syte for Gud sitt skaparverk. Vi er her for å vere teikn på dette livet og ljuset som er Kristi nærvære.



*Olav Fykse Tveit
Generalsekretar
Kirkenes Verdensråd*